



DET KONGELIGE  
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget - Familie- og kulturkomiteen  
Stortinget  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

26/998

6. mars 2026

## Svar på spørsmål om vurdering av representantforslag 8:110 S (2025-2026)

Eg viser til representantforslaget frå stortingsrepresentantane Maren Grøthe og Erling Sande om regelstyring av momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar - Dokument 8:110 S (2025-2026). Representantane har fremja følgjande forslag:

*Stortinget ber regjeringa leggje fram forslag om å regelstyre momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar innan framlegginga av statsbudsjettet for 2027.*

### Under følgjer merknader til forslaget:

Meirverdiavgiftskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar er ei rammestyrt ordning der Stortinget årleg fastset løyvingsramma. Forvaltninga må halde aktiviteten innanfor denne ramma, og eventuelle meirbehov krev ny politisk avgjerd. Rammestyrt gir god budsjettkontroll, men avgrensa fleksibilitet dersom behovet endrar seg. Slik styring blir ofte brukt i tilskotsordningar, driftsløyvingar og prosjekt.

Regelstyring kan i denne samanhengen bety to ting: å sikre at ordninga er regelfesta i lov eller forskrift, eller at det blir lagt inn «overslagsløyving» i ordninga. Meirverdiavgiftskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar er regulert i forskrift [forskrift/2025-12-18-2719](#) til gjennomføring av Stortingets budsjettvedtak. Det går fram av regelverket at dersom Stortingets løyving for det enkelte året ikkje rekk til full kompensasjon, vil den prosentvise avkortinga vere lik for alle innvilga søknader. Sidan vi tiltrådde har vi som einaste regjering søruga for full kompensasjon kvart einaste år. Totalt er ordninga auka med 1,3 milliardar kroner samanlikna med Solberg-regjeringa sitt siste budsjettforslag.

Ei overslagsløyving er ein type løyving der Stortinget gir eit anslag for utgifter, men utan å fastsetje ei øvre utgiftsramme. Staten dekkjer dei faktiske utgiftene som oppstår, uavhengig av anslaget i budsjettet. Slike løyvingar blir brukt for å handtere statens lovpålagde forpliktingar som ikkje kan avgrensast gjennom ordinær budsjett disponering. Når enkeltpersonar har ein lovbestemt rett til ei yting, må staten betale ut ytinga dersom vilkåra er oppfylte. Døme på overslagsløyvingar er ytingar frå folketrygda som alderspensjon, uførheit, sjukdom, foreldrepengar mv.

Overslagsløyvingar har konsekvensar for budsjettstyringa, då utbetalingane frå ordningane kan avvike vesentleg frå budsjettanslaga. Dette inneber at utgiftsnivået ikkje kan styrast gjennom ordinær budsjett praksis. I slike ordningar stilles det difor høge krav til prognoser for å kunne føreseie volumendringar og kostnadsdrivarar, sidan risikoen for avvik mellom budsjett og faktisk utgift er vesentleg. God risikostyring er difor avgjerande for treffsikre anslag, tidleg varsling av avvik og føreseieleg styring.

I dag er det om lag 25 000 organisasjonar som mottek kompensasjon frå ordninga. Det blir ikkje stilt krav til rapportering på bruken av midlane, då ordninga skal vere enkel og ubyråkratisk. Ordninga er ikkje ei krone-for-krone-kompensasjon, men tek utgangspunkt i ein berekningsmodell basert på organisasjonane sine driftskostnader frå rekneskapet året før. Ved ein eventuell overgang til regelstyring i form av overslagsløyving, vil det bli nødvendig å sikre ein meir detaljert oversikt over dei faktiske mva-kostnadene i frivillig sektor. Dette kan vanskeleg gjerast utan å gjennomføre endringar i regelverket, både i form av krav til innsend dokumentasjon og justeringar i modell for berekning av kostnadene.

Frivillig sektor er oppteken av at ordninga framleis skal vere enkel og ubyråkratisk, samtidig som dei ikkje ønskjer regelendringar. Vurderinga er difor at det er betre å behalde dagens ordning slik ho er, og framleis sikre at Stortinget kan vurdere løyvingsnivået i dei årlege budsjetta. Målet er å sikre frivillige organisasjonar best moglege økonomiske rammevilkår. Full momskompensasjon er det viktigaste verkemiddelet for å oppnå dette. Alternativet er å rettsleg forankre ordninga med ein overslagsbevilgning med dei avgrensingane det vil gi for Stortinget, samtidig som det vil krevje større kontroll og meir dokumentasjonskrav for frivilligheita.

Med helsing frå



Lubna Jaffery